

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.02.2023

Vår ref.: 202300384-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme, 99 21 51 22/
rho@nve.no

Avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av dammar Krokavatnet ved Kaldestad kraftverk i Kvam herad

I brev datert 22.12.2022 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Kvam kraftverk AS for rehabilitering av dammar Krokavatnet ved Kvam kraftverk i Kvam herad. Vi sender detaljplanen på høyring, og ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 07.03.2023.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å bygge Kvam kraftverk er gitt i kgl.res datert 08.09.1922. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å gjennomføre rehabiliteringa av dammar Krokavatnet. Tiltaket er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 12 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Dammane ved Krokavatnet stettar ikkje krava i forskrift om damtryggleik. Difor må det gjerast tiltak, og arbeida er pålagde av NVE. Detaljplanen vert sendt på høyring for å innhente nødvendig og eventuelt oppdatert kunnskap.

Vi ønskjer følgjande tilbakemelding frå høyringspartane på vedlagd plan for miljø og landskap:

Kvam herad: Opplysningar om kva status areala som er planlagt tekne i bruk har i kommuneplanen sin arealdel og eventuelt andre kommunale planar. Vi ber om andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for gjennomføring av prosjektet.



Statsforvaltaren i Vestland: Eventuelt nye forhold knytt til trua og sårbare artar. Vi ber og om andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for gjennomføring av prosjektet.

Vestland fylkeskommune: Opplysningar om kulturminne i tiltaksområdet. Forholdet til friluftsliv, forvaltningsplanar og andre regionale planar i tiltaksområdet. Vi ber og om andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for gjennomføring av prosjektet.

Miljødirektoratet: Eventuelt nye forhold knytt til trua og sårbare artar og andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for gjennomføring av prosjektet.

Kvam turlag: Behov for tiltak av omsyn til ferdsel/friluftsliv i området i byggjefasen.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i området og å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for fråsegn:

Detaljplanen finn du her: www.nve.no/141/V

Vi ber om at merknader til detaljplanen for miljø og landskap vert sendt til NVE, uttalelse@nve.no innan **07.03.2023**. Merk fråsegna med «Fråsegn» og saksnummer 202300384 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert uttalar eller deler av uttalar referert i utgåande brev. Dersom han er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Av same grunn ønskjer vi å få teksten elektronisk. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør



Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Kvam herad

Kvam turlag

Kvam turlag - Kvam turlag v/ Kjell Tyssen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

KVAM KRAFTVERK AS

KVAM KRAFTVERK AS - Arne Tillung